



Lokal forskrift 1. august 2024 nr. 4 om hovudmål ved grunnskulane i Ulvik herad

Heimel: Forskrift om hovudmål på Brakanes skule i Ulvik herad vert fastsett av Ulvik heradsstyre 19. Juni, 2024 med heimel i lov 9.juni 2023 nr 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, §15-2 første ledd.

§1 Føremål og verkeområde

Forskrifta gjeld for alle elevar og tilsette ved Brakanes skule i Ulvik herad, Vestland.

§2 Hovudmål

Nynorsk er hovudmålet ved grunnskulen i Ulvik herad, Vestland. Skulen skal bruka nynorsk i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevar, foreldre og andre.

§3 Målbruksplan for Ulvik herad

Ulvik herad har eigen målbruksplan som gjeld for perioden 2022-2032. Grunnskulen i Ulvik herad skal fylgja denne.

§ 4 Iverksetting

Forskrifta trer i kraft 1. august 2024.